

## Sektorisering Arealkonfliktar

Framfor å vera løysinga, er sektorisering medverkande årsak til dei mange pågåande arealkonfliktane i jærlandskapet.

# Skyttargravspolitikk

ME FÅR STADIG fleire ekspertstyrte sektorar; offisielle og uoffisielle, private og offentlege. Desse sektorane får tilført meir og meir makt. Dette er ikkje folkevalde strukturar, og konsekvensen er eit aukande demokratisk underskott.

Ordet «sektor» kjem frå det latinske *secare* – å dela/stykka opp. Sektoren – den enkelte del – har difor sitt utspring i ein heilskap, noko felles. Dess fleire sektorar som utviklar seg, dess meir oppstykkja blir denne heilskapen. Det blir vanskelegare å sjå kva den opphavlege heilskapen eigentleg var.

Sjølve frådelinga er gradvis. Det startar med identifiseringa av eit felt med «behov for særleg fokus». Det held fram med utvikling av eigne arenaer, eige fagmiljø og -språk, eigne ekspertar, verdiar, målsetjingar og indikatorar for suksess. Meir og meir offentlig aktivitet knytt til det aktuelle feltet skjer no innanfor sektoren. Sektoren sin eksterne aktivitet blir arbeid for eigne interesser og -mål.

Argumenta for sektorisering er ofte desse: Me lever i eit komplekst samfunn. Difor treng me ekspertar og spesialiserte byråkratar på mange felt. Det er behov for meir spesialisert kunnskap, og, heiter det, denne blir aller mest effektiv om den får utvikla seg på eigne arenaer og blant likesinna i eigne «fagmiljø».

ME HAR SLUTTA å stilla spørsmål ved dette. Kanskje fordi fleire og fleire av oss er trygt plasserte innanfor kvar vår respektive sektor, og har lært å tilpassa oss denne sine regler og krav? Akademikaren lærer fort at økonomisk verdiskaping (mynt over statsbudsjettet) er synonymt med å tileigna seg eit språk dei færaste (utanfor eins eigen snevne undersektor) forstår, og å publisera i eit tidsskrift få eller ingen (med det same unnataket) nokosinne kjem til å lesa. Politikaren har lært at verdiskaping (i form av posisjonar og mediemerksend) kjem frå «usemje», og at den som skal lukkast på nasjonalt nivå må vera god på å både sjå potensialet for, og kunna produsera, nettopp dette.

SEKTORISERING ER EI form for «vertikaliserings» av samfunnet. Mange sektorar veks fram ved sida av kvarandre, kvar med dei same grunnleggjande karakteristika. Meir og meir samfunnsaktivitet og maktutøving flyttar seg over tid inn i desse ikkje folkevalde sektorane.



Dag Jørund Lønning

professor og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling



«Som arealbasert næring merkar landbruket først og fremst dei negative effektane av sektoriseringa», skriv Dag Jørund Lønning. FOTO: ANDERS MINGE

### Den vellukka bonden har alltid vore ein generalist.

Ei så stor satsing på det vertikale går til sjuande og sist ut over det horisontale. Det oppstår eit styringsvakuum. Me snakkar meir og meir til våre eigne (innanfor sektoren) og mindre over sektorgrensene. Kvar sektor tek ansvaret for eigne mål. Eksterne ringverknader er mindre interessante, om ikkje beintfram irrelevante. Ansvaret for det som skjer mellom og på tvers av sektorane – det horisontale – forsvinn.

SOM AREALBASERT næring merkar landbruket først og fremst dei negative effektane av sektoriseringa. Den vellukka bonden har alltid vore ein generalist. Verdiskaping er eit resultat av breiddekunnskap. Eit overordna kompetansekrav er evna til å balansera, til å finna den gode vegen mellom prosessar, krav og fordringar som ofte dreg i ulike retningar. «Sunt bondevit» kallast denne evna til balansering.

Når sektorane vert fleire og krava frå kvar enkelt av dei meir absolute, blir evna til å balansera sterkt redusert. Frå eitt hald lyder ropet om intensivering. Effektivitet og pro-

duksjon skal opp, og andre omsyn må vika. Frå eit heilt anna hald lyd det krav om ekstensivering, av omsyn til eit jamt aukande tal verna/verneverdige kulturminne, plantar, dyr og fuglar i landbrukslandskapet. Frå eit tredje hald er det kravet om tilgjenge som står i fokus, om å leggja til rette for at turgåarar og fritidsbrukarar skal få best mogleg tilgjenge til landbrukslandskapet. Då kjem enda fleire sektorar på banen:

«Ja, du må leggja til rette for tursti for å få kulturlandskapstilsnitt», seier den eine. «Skal du leggja til rette for tursti må denne vere universelt utforma og minimum tre meter brei», seier den andre. «Nei dette kan du ikkje gjera, slike store arealinngrep er ikkje etter jordlova», seier den tredje. Ingen av dei tre vil fira. Alle har dei makt. Dialog på tvers av sektorane er fråverande. Konsekvensen er at ingen tursti blir bygd.

FRAMFOR Å VERA løysinga, er sektorisering medverkande årsak til dei mange pågåande arealkonfliktane i jærlandskapet. Den sektoriserende modellen legg til rette for skyttar-

gravspolitikk: Kvar part talar først og fremst til sine eigne på eigne arenaer. Ein møter «den andre» først og fremst gjennom interessenthøyringar og partsinnlegg i media.

GJENNOM FLEIRE STØRRE FoU-satsingar arbeider Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) no saman med både bønder og andre offentlege og private aktørar for å leggja til rette for konfliktfrembyggjande og verdiskapende dialog mellom landskapsinteressentar. Dialog handlar om å identifisera fellesverdiar og etablere breid eigerskap til visjonar, idear og mål. Dei første resultatane er lovande. Me opplever og ei stor tilslutning til sjølve ideen. «Dette treng regionen», har me høyrte frå mange hald.

Slike tilbakemeldingar handlar om veikskapane i den sektorbaserte modellen. Me har – 200 år etter 1814 – blitt knallgode på å løysa vertikale samfunnsoppgåver, men tilsvarende dårlegare på dei horisontale. Slik sett vonar me dialogtiltaka på Jæren kan medverka til ein naudsynt og viktig demokratidebatt i jubileumsåret 2014.

pressens faglige utvalg  
**PFU**

Stavanger Aftenblad arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen.

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Adresse: Rådhusgt. 17,  
Postboks 46, Sentrum 0101 Oslo.  
Telefon: 22 40 50 40  
Telefax: 22 40 50 55  
E-post: pfu@presse.no

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.